



Kålås & Sønn Byggevarehandel AS

Sauvågen 83

5915 HJELMÅS

Referanser:

Dykker:

Vår: 14/5072 - 14/16675

Saksbehandlar:

Siril Therese Sylta

Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:

08.07.2014

## Svar på førespurnad vedkomande søknadsplikt for tiltak - gbnr 199/6 Haukås

Lindås kommune viser til din førespurnad om søknadsplikt for tiltak på gbnr 199/6, motteken her 04.06.2014. Lindås kommune beklagar lang saksbehandlingstid.

Etter ein gjennomgang av dei tiltaka som er skissert i det innsendte materialet, er Lindås kommune sin vurdering at dette er tiltak som er frittatt for søknadsplikt etter plan- og bygningslova (pbl) § 20-3 1.ledd bokstav e. Fasadeendringen endrar ikkje bygningens karakter og bygningen har ein slik plassering i forhold til omgjevnadane som gjer at kommunen meiner at tiltaket kan utførast utan søknad og løyve.

Det er likevel slik at fritak etter pbl § 20-3 kun gjeld der tiltaket er i samsvar med plan. Denne eigedommen ligg i område avsett til landbruk-, natur- og friluftsområde i kommuneplanen. I føresegnene til kommuneplanen er det kun tiltak som ligg innanfor arealføremålet som kan tillatast utan dispensasjon. Det er ikkje opna opp for unntak av andre tiltak i føresegnene. Det betyr at det i denne saka må sendast inn søknad om dispensasjon frå arealføremålet LNF, før fasadeendring kan utførast. Når dispensasjonen er handsama, vil tiltaket vere i samsvar med plan og kan utførast utan vidare byggeløyve. Gebyr for handsaming av ein dispensasjon som dette er etter gjeldande gebyrforskrift kr. 3 200,-. (eventuelle ansvarsrettar kjem i tillegg, jf. gebyrforskrifta punkt 10.2.9).

Med helsing

Siril Therese Sylta  
konstituert fagleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*



**Kopi til:**

Lene Klementsen og Ove Kalmar  
Selen Kvinge

Leknesvegen 136 5915

HJELMÅS

**Mottakarar:**

Kålås & Sønn Byggevarehandel AS

Sauvågen 83 5915

HJELMÅS